

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76.

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Dei "kloke".

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva

G.nr. 7, Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1908. Mi godmor, Ragnhild Sebjørnsdtr. Rogne min heimelsmann, f.1816, d. Var gardkona paa Rogne.

SVAR

Aa skriva um namngjevne kvinner og menn med eit emne som dette kann tenkjast aa faa fylggor. Skyldfolk etter dei kann kjenna seg so støytt, at dei til med kann vilja gaa til spøksmaal for ærekrenking. Einast kann vera, at alle desse er avlidne for lenge sidan.- Det var lite av slike kloke folk i mine bygder, so eg hev lit å fortelja.

Den mest kjende var Ingebrigt Dyrøy eller Dyrøy-Ingebrigt som han jamnt var nemnd i dagleg tale. Han samla plentor som han kokte medisin av. Plentone skulde samlast jonsoknatti. Då hadde dei beste lækjarkrafti, sagdest det.

Han lakte mest "gust" og "dons". Gust er vel den sjukdom som i lækjarspraaket er kalla alvblaaster (urticaria). Det skulde visst vera fleire slag gust. Verst var sjøgusti. Den tedde seg som utsløtt paa kroppen med ein ulideleg klæe. "Dons" fekk ein av aa liggja paa marki fyre jonsok. Difor sa dei og jorrdons. Den synte seg som raude rjøljar paa kroppen her og kvar og klaadde mykje.

Naar folk kom til Ingebrigt for slike sjukdomar og klaga si naud, tala han lenge og vel med dei, og dei fortalde upp og ned fyre um alt dei visste um den sjuke og sjukdomen hans. Den sjuke sjølv møtte ikkje til nokor lækjagransking. Naar Ingebrigt hadde fenge vita nok um den sjuke og sjukdomen hans sa han: Ja-ja, eg lyt ut i kammerset og sjaa etter. Um litt kom han innatt. Daa fortalde han kvar og korleis den sjuke hadde sete eller lege og korleis sjukdomen tedde seg. Dette hadde han venteleg funne fram til etter samtalen med sendebodi. Men dei trudde fullt og fast han hadde "set det" ^{ut} i kammerset. Vanleg fekk dei med seg tvo heile flaskor medisinen som han hadde laga av vckstrane han hadde sankt. Denne medisinen skulde dei bruka, men den maatte ikkje spillast paa klæde. Daa var den verknadslaus.

Ei "klok" kvinna heitte Ane Olave. Um ho var syster til Ingebrigt, torer eg ikkje segja for visst. Eg trur mest aa ha høyr det som smaagut. Ho og dreiv med slik lækning, men

ho skulde vera hard og illnyvi og ikkje so blid og skipeleg som Ingebrigt, so folk heldt seg mest til honom med han livde. Etter hans dagar gjekk nok nokre til Ane Olave sclenge ho og livde.-

Nese-Petter, Petter Torson, putla med aa"gjera aat"for "brikst", helst paa dyr. Brikst var større eller mindre viklingar av ledi i lemene. Petter sette seg paa ein krakk attmed dyret som hadde brikst ein fot t.d. tok ein lang tjukk ulltraad inn i munnen og togg paa den litegrand med han mulla og las noko for seg sjølv. Tok so traaden or munnen og snara den kring den brikste leden. Denne traaden kalla dei briksttraad.----

Sjølvsagt er kunstene baade hans Dyrøy-Ingebrigt og Nese-Petter gjengne av bruk for lenge sidan. Det er berre rett gamle folk som hev høyrte gjete litt um dei, og daa helst berre einskildting. Det eg hev hev nemnt, høyrde eg av godmor mi. Ho var fødd 1816 som nemnt.

Eg kann ikkje gjeva sikker opplysning um, naar dei her nemnde "kolke" folk livde. Eg trur det maatte vera millom 1800 og 1880, kanskje litt fyre 1800.

Bilæte er det uraad med,

E.s.

I mine bygder vart ikkje slike folk kalla "kløkke".
Dei vart kalla paatrekjeringar og paatrekallar.